



LINDÅS KOMMUNE
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 13.02.2019
Vår ref.: 2019/1063-5
Saksbehandlar: sigwols
Dykkar ref.:

Att. Trygve Solberg

Kulturminnefagleg fråsegn - tilbygg til driftsbygning – gnr. 58 bnr. 3 Lygre indre - Lindås kommune

Me viser til e-post mottatt 31.01.19 med søknad om tilbygg til driftsbygning, samt e-post frå Riksantikvaren mottatt 06.02.19. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Me har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innanfor vist plassering. Nordvest for område ligg den mellomalderke kyrkjestaden på Lygra (Askeladden id. 84346) og søraust for område ligg Sjurhøgjen – ein gravhaug frå jernalder (Askeladden id. 45456), potensialet for nye funn av automatisk freda kulturminne innanfor områda vart likevull vurdert til å vera lågt. Me har difor ingen avgjerande merknader i saka.

Elles gjer me merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar av trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

Saka har også vore lagt fram for Riksantikvaren som har gitt følgjande fråsegn i saka:

«Riksantikvaren uttaler seg som kulturminnemyndigheit for automatisk freda kyrkjestader frå mellomalderen etter kulturminnelova §§ 8 og 9. Søknaden er sendt til Riksantikvaren fordi eigedomen ligg i nær omgjevnad til Lygra mellomalderkyrkjestad, Askeladden id nr. 84346. Kyrkjestaden, inkludert ei sikringssone på 5 m, er automatisk freda i medhald av lov om kulturminner av 9. juni 1978 nr. 50 (kml) § 4 første ledd pkt. j.

Det omsøkte tiltaket inneber påbygg til eksisterande bygningar. Tilbygg 1 ligg på sørsida av bygget og vil knapt vere synleg frå kyrkjestaden. Tilbygg 2 ligg tett på kyrkjegardsmuren, men i god avstand frå mellomalderkyrkjegarden, og inneber ikkje vesentlege fasadeendringar. Riksantikvaren vurderer det derfor slik at tilbygga ikkje vil medføre utilbørleg skjemming av Lygra kyrkjestad. På bakgrunn av omsynet til den mellomalderke kyrkjestaden, har Riksantikvaren derfor ingen innvendingar mot at det blir gitt løyve til tilbygg på gnr.58, bnr. 3, slik dette er framstilt i søknaden».

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølsted
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
DEN NORSKE KIRKE